## Møtereferat Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde

| | |
|---|---|
| **Møte** | **Ekstraordinært møte ved. innspel handlingsplanar** |
| **Møtenummer** | Møte nr. 4/2022 |
| **Dato** | Tysdag 4. oktober - 2022 |
| **Tidspunkt** | Kl. 14.30 - 1500 |
| **Møteleiar** | Renathe Rossi-Kaldhol |
| **Referent** | Sissel Ørstavik Aase |
| **Stad** | Teams |

| **Organisasjon** | **Navn og stilling** | **Funksjon** | **Møtt** 4/10 |
|---|---|---|---|
| Helse Møre og Romsdal | Mona Ryste,<br>Rådgivar Klinikk Volda sjukehus | Representant og nestleiar LSU | X (deler) |
| Helse Møre og Romsdal | Palma Hånes<br>Klinikksjef Klinikk Volda sjukehus | Representant | |
| Helse Møre og Romsdal | Anita Myklebust Nybø<br>Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab. | Representant | Meldt forfall |
| Helse Møre og Romsdal | Kari Standal<br>Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus | Representant | |
| Helse Møre og Romsdal | Hallgrim Myklebust<br>Seksjonsleiar DPS | Representant | |
| Hareid kommune | Ottar Røyset<br>Kommunalsjef | Representant | |
| Herøy kommune | Runa Bakke<br>Kommunalsjef | Representant | X (deler) |
| Sande kommune | Bård Dalen<br>Helse og omsorgssjef | Representant | |
| Ulstein kommune | Marit Botnen<br>Kommunalsjef | Representant | X (deler) |
| Vanylven kommune | Cecilie L. Oppedal<br>Kommuneoverlege | Representant | |
| Volda kommune | Svein Berg-Rusten<br>Kommunalsjef | Representant | Meldt forfall |
| Ørsta kommune | Renathe Rossi-Kaldhol<br>Kommunalsjef | Representant og leiar LSU | X |
| Fastlege/Praksis-konsulentordninga | Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Praksiskonsulent (HMR) | Representant | |
| Fastlege/Praksis-konsulentordninga vara | Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR) | Vararepresentant | X |
| Brukarrepresentant kommune | Eilin Reinaas<br>Norges Handikapforbund (NHF) | Representant | X |
| Brukarrepresentant HMR | Janne Remøy Endresen (SAFO/NFU) | Representant | X |
| Brukarrepresentant kommune vara | Solveig Vatne (NRF) | Vararepresentant | - |
| Brukarrepresentant HMR vara | Asle John Giske (FFO) | Vararepresentant | - |
| Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre | Oddvar Marøy<br>Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre | Sekretariat | X |
| Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR) | Sissel Ørstavik Aase<br>Rådgivar seksjon for samhandling i HMR | Sekretariat | X |

| Sak nr. | Emne<br>Oppsummering internt LSU Volda i etterkant av felles innspelsmøte vedrørande handlingsplanar for faglige samarbeidsutval i Helsefellesskap | Ansvarlig |
|---|---|---|
| (34)/ 22 | **Handlingsplan for behandlarsamarbeid, handlingsplan svangerskap-, fødsels- og barselomsorg og handlingsplan for IKT-løysingar og elektronisk samarbeid.**<br><br>Det var relativt få tilstades under internt innspelsmøte (Kun 5 stk, totalt inntil 40 stk deltakande på fellesmøte). Målet med internt innspelsmøte var å sikre innspel frå LSU Volda og avklare vidare prosess for endelege innspel. Det gjenstår berre ein ny handlingsplan i Helsefellesskapet etter denne innspelsrunda. Det gjeld handlingsplan for *Faglig samarbeidsutval for kunnskapsoverføring, forsking og utdanning, samt praksiskonsulentordninga* som vil komme våren 2023.<br><br>**Vedtak:**<br>Frist **17. oktober 2022** med å kome med innspel frå eigne kommunar og organisasjonar. Minner igjen om å etterspørje dette og kome med skriftlege tilbakemeldingar til sekretariatet.<br><br>**Vidare prosess:**<br>Sekretariatet ved Sissel Ø. Aase lagar eit utkast basert på det som har kome av innspel frå LSU Volda under dette innspelsmøte (sjå utkast under) samt skriftlege innspel innsendt fram til 17. oktober.<br>Leiargruppa/sekretariat i LSU Volda ser då over dokumentet og innspela vert sendt ut til alle medlemar i LSU Volda for gjennomlesing før endeleg innspel/høyringsutale sendast til dei faglige samarbeidsutvala innan endeleg frist **19. oktober**. Desse tre planane skal opp for endeleg godkjenning i SSU 16. november. | Alle |

**Handlingsplan for behandlarsamarbeid:**
- Ynskjer å få belyst at denne planen er overordna og relevant for ein del andre fagutval, saknar noko om korleis denne planen vil berøre andre faglege planar.
- Ønske om at måla i planen vert tydlegare og sjåast i samanheng med punkt 4.2. Er det tilstrekkeleg at målet for planen er eit dokument for oppgåvefordeling?
- Tydleggjere dokument/ retningslinjer/ samhandlingsplakat for behandlarar både i planen samt også ute blant personar i kommune/ brukarrepresentantar og pasientar der dette er relevant.
- Ein set nokre spørsmål vedrørande retningslinjer og eigen høyringsprosess (i oktober i år). Kvar vert denne retningslinja sendt til høyring og er brukarrepresentantar med?
- Tydleggjere i handlingsplanen samarbeid mellom behandlarar i Helse-Midt, med pasienten/pårørande i fokus. Mange pasientar har behandlingar på St. Olavs og lokalsjukehus samt i kommunen.

**Handlingsplan svangerskap-, fødsels- og barselomsorg:**
Foreløpig ingen innspel.

**Handlingsplan for IKT-løysingar og elektronisk samarbeid:**
- Ynskjer å få belyst at denne planen er overordna og relevant for ein del andre fagutval, saknar noko om korleis denne planen vil berøre andre faglege planar.

- Planen bør innehalde tydlegare mål inkludert arbeidsfordeling i fagutvalet – naturleg å kunne knytte opp mål mot prioriteringar/arbeidsgrupper som er skissert. Dette vil kunne muliggjere konkrete tiltak som er målbare/kan evaluerast.
- LSU Volda meiner det er viktig å tydleggjere utfordringsbilete inkludert digitalt utanforskap i planen. Er det mogleg å få fletta inn noko om dette i tiltak/prioriteringar – skildre tiltak for digitale løysingar (for dei fleste) men også tiltak for dei som i andre rekke ikkje er digitale (for dei få).